

“Vi har ikkje råd til meir, så dette må vere godt nok”

Vi støyter stundom på utsegna ovanfor i tilsynsarbeidet vårt. Dette er ei utsegn som vi ikkje likar. Ikkje fordi vi underkjenner at det finst ressursrammer som ein må halde seg innanfor, men fordi utsegna så tydeleg gir tilkjenne ei holdning om at ein har gitt opp det jamne utbetningsarbeidet.

Statens helsetilsyn har som ei hovudoppgåve å sjå til at sosial- og helsetenestene blir drivne i samsvar med krava i lovgjevinga. Krav i lovar og forskrifter står sentralt både når ein skal planleggje, drive og vurdere tenestetilbodet. Rettskrava skal oppfyllest innanfor gitte ressursrammer. Også vi ser at det er knytte store utfordringar til å få dette til. God styring tilseier ikkje berre at ein held budsjetta, men at ein også maktar å få det best moglege sosial- og helsefaglege resultatet ut av dei ressursane ein har til rådvelde.

Tenestemottakaren har eit rettmessig krav på å få nødvendige tenester med forsvarleg innhald. Lovgjevinga legg vekt på at tenestetilbodet skal tilpassast dei individuelle behova til den einskilde. Difor kan tenesteytaren ikkje utan vidare argumentere overfor tenestemottakaren med at «det er slik vi gjer det hos oss» eller «dette er rammer som vi har sett og som du må halde deg til».

Organiseringa og prosedyrane som tenesteytaren har, må sjåast på som eit fundament for utvikling av eit tilpassa tenestetilbod tilden einskilde tenestemottakaren.

Eit av dei gjennomgåande funna frå tilsyna våre er diverre manglande individuell tilpassing av tenestetilbodet. Vi trur at dette er eit fenomen som det er vesentleg for tenesteytarane å arbeide vidare med ved utviklinga av tenestene dersom ein skal ha folket sin tillit også i åra som kjem. Dei røynslene som tenestemottakarane har må takast med ved utviklinga av tilbodet. Det same gjeld innspel frå dei tilsette. Dette er viktige element i eit internkontrollsystem.

Internkontrollsystemet skal sikre at styringa av tenesteytinga likeså vel har ankerfeste i sosial- og helsefaglege vurderingar som i økonomisk-administrative rammeføresetnader. Her har ordførarar og rådmenn, styreleiarar og direktørar enno mykje å strekkje seg etter.

Vi meiner at resultat frå tilsynsverksemnda peikar på område der det er ytterlegare behov for jamn utvikling. Vi vonar difor at du kan finne nokre moment til vidare refleksjon innanfor ditt tenesteområde på dei sidene som følgjer her.

Lars E. Hanssen

«Lovgjevinga legg vekt på at tenestetilbodet skal tilpassast dei individuelle behova til den einskilde.»

